

KOMMISJONSREKOMMANDASJON

2003/EØS/49/25

av 22. februar 2002

om endring av rekommendasjon 98/195/EF om samtrafikk på et liberalisert telekommunikasjonsmarked
(Del 1 — Fastsettelse av samtrafikk takster), sist endra ved rekommendasjon 2000/263/EF(*)

[meld under nummeret K(2002) 561]

(2002/175/EF)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA —

som viser til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet,

som viser til europaparlaments- og rådsdirektiv 97/33/EF av 30. juni 1997 om samtrafikk på telekommunikasjonsområdet med henblikk på å sikre universelle tjenester og samtrafikkvegne ved anvendelse av prinsippene om tilgang til åpne telenett (ONP)⁽¹⁾, endra ved direktiv 98/61/EF⁽²⁾, særleg artikkel 7 nr. 5,

etter samråd med det rådgjevande utvalet som vart skipa ved artikkel 9 nr. 1 i rådsdirektiv 90/387/EØF av 28. juni 1990 om opprettelse av et indre marked for teletjenester ved gjennomføring av tilgang til åpne telenett (ONP)⁽³⁾, endra ved europaparlaments- og rådsdirektiv 97/51/EF⁽⁴⁾, og

som legg desse synsmåtane til grunn:

- 1) I nr. 9 i kommisjonsrekommendasjon 98/195/EF av 8. januar 1998 om samtrafikk på et liberalisert telekommunikasjonsmarked (Del 1 - Fastsettelse av samtrafikk takster)⁽⁵⁾, sist endra ved rekommendasjon 2000/263/EF⁽⁶⁾, er det slått fast at rekommendasjonen skal gjennomgåast av Kommisjonen innan 31. desember 2000. I rekommendasjonen vert det òg lagt særleg vekt på at det bør vurderast om offentleggjeringa av takstar etter «beste gjeldande praksis» bør halde fram.
- 2) Det går fram av den sjette og sjuande kommisjonsrapporten om gjennomføringa av reguleringspakka på området telekommunikasjon⁽⁷⁾ at samtrafikk takstane i Fellesskapet gradvis er vortne reduserte til dei nivåa

som er offentleggjorde i tilrådingane frå Kommisjonen om beste praksis med omsyn til takstspenn⁽⁸⁾, og at operatørar som har samtrafikkplikt, i aukande grad nyttar system for føring av kostnadsrekneskap, slik at det frå 1. januar 2002 ikkje lenger er naudsynt å nytte prinsippet om «beste gjeldande praksis» og ajourføre tilrådingane med omsyn til takstar, slik det opphavleg var fastsett i rekommendasjon 98/195/EF.

- 3) Dei andre delane av rekommendasjonen skal framleis vere rettleiande for dei nasjonale reguleringsstyresmaktene, og bør difor haldast ved lag —

TILRÅR FØLGJANDE:

Artikkel 1

I rekommendasjon 98/195/EF, sist endra ved rekommendasjon 2000/263/EF, vert det gjort følgjande endringar:

Nr. 4, 4a, 5 og 9 i rekommendasjonen, saman med vedlegg II, vert oppheva.

Artikkel 2

Denne rekommendasjonen er retta til medlemsstatane.

Utfërda i Brussel, 22. februar 2002.

For Kommisjonen

Erkki LIIKANEN

Medlem av Kommisjonen

(*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EFT L 58 av 28.2.2002, s. 56, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 104/2002 av 12. juli 2002 om endring av EØS-avtalens vedlegg XI (Telekommunikasjonstjenester), se EØS-tillegget til De Europeiske Fellesskaps Tidende nr. 54 av 31.10.2002, s. 16.

(1) TEF L 199 av 26.7.1997, s. 32.

(2) TEF L 268 av 3.10.1998, s. 37.

(3) TEF L 192 av 24.7.1990, s. 1.

(4) TEF L 295 av 29.10.1997, s. 23.

(5) TEF L 73 av 12.3.1998, s. 42.

(6) TEF L 83 av 4.4.2000, s. 30.

(7) KOM(2000) 814 av 7.12.2000 og KOM(2001) 706 av 26.11.2001.

(8) Dei siste tilrådingane med omsyn til takstspenn etter beste gjeldande praksis som Kommisjonen har offentleggjort for terminering av oppkalling i fastnett, er (i trafikksterke periodar, utan meirverdiavgift):

– samtrafikk innanfor lokalt samtrafikkområde:	0,5-0,9 cent per minutt,
– samtrafikk innanfor regionalt samtrafikkområde:	0,8-1,5 cent per minutt,
– samtrafikk utanfor regionalt samtrafikkområde: (> 200 km)	1,5-1,8 cent per minutt.